



Vestside- utbygginga og litt objektivitet

Rådmannen i Luster si tilråding til kommunestyret om vestside-utbygginga i Jostedalen høver betre som innleiing til ein naturroman, enn som ei objektiv utgreiing om ei eventuell utbygging av vestside-elvane i Jostedalen. Ja han stadfestar langt på veg det gamle bibelsitatet – «Det er dei vise som skal forville verda».

Så er det slik at alle har rett til å ha sitt eige syn på saka og kunne krevje respekt for det dei meiner. Men eit minstekrav etter mitt syn er at dei som argumenterer – for eller imot ei regulering – bør halde seg til sanninga.

Eitt av argumenta som har kome fram er at ei eventuell utbygging vil leggje tørre alle desse vestside-elvane. Dette er sjølvsaugt ikkje sant, for i dag gjev NVE aldri løyve til utbygging der alt vatnet frå ei elv blir teke bort – restvassføring er alltid kravet.

Så er det eit anna argument som går att, nemleg at ei utbygging vil øydeleggje for komande generasjonar. Dette er heller ikkje sant, for om dei som kjem etter oss ønskjer frittrennande vestside-elvar tilbake, er det neppe meir enn ei veke jobbing å støype att desse bekkeinntaka, og då vil elvane renne fritt som før. Kanskje dei kjem til å gjere nettopp dette? Men i mellomtida har kommunen teke inn mange millionar årleg til nytte for deg og meg.

Det er ikkje så altfor lenge sidan at Luster kom-
munestyre «bønnfalt» NVE om å byggje ut vestside-
elvane – for å minske ska-

deomfanget i nokre av elvane under flaumperiodar. Men ingen av dei som då sat i kommunestyret er der i dag. Likevel – dette burde vere godt kjent.

Ei utbygging som omsøkt vil gje millioninntekter til kommunen årleg i alle år framover, og no aukar «taket» på grunnlaget for eigedomsskatten, slik at inntektene vil bli monaleg større enn hittil opplyst. Så vil fylkeskommunen, som og er tenesteytar for oss alle, få millioninntekter på meir konsesjonskraft årleg. I tillegg vil alle grunneigarar med fallrett i vassdraget få nye oppgjer med Statkraft, der nye millionar kjem til grunneigarane i kommunen vår.

Med erfaringane frå jostedalsutbygginga på 80-talet, og alle dei goda det førte med seg, er det all grunn til å «applaudere» ei ny utbygging i Jostedalen. Det vil gagne oss som bur i Luster kommune i dag, og det vil gagne komande generasjonar som vil få overta eit ennå betre utbygt lokalsamfunn med grunnlag i kraftinntektene.

Eg torer håpe at kommunestyret «overser» tilrådinga frå rådmannen og går for regulering av vestside-elvane. Men samstundes bør det bli utnemnt eit lite utval som utarbeider «fornuftige» konsesjonskrav – ikkje minst leggje til rette for bruk av den verdifulle tunnelmassen.

Oddvin Fossøy
pensionist